

Vedtekter for Landbruk Nordvest BA.

§ 1: Organisasjon

Landbruk Nordvest BA er eit andelslag etter samvirkeprinsippa med avgrensa økonomisk ansvar, vekslande kapital og medlemstal. Medlemmane heftar berre med sitt andelsinnskot for laget sin gjeld. Laget skal ha forretningskontor i Sunndal kommune.

§ 2: Formål

Landbruk Nordvest BA skal tilby eit breitt og samordna teneste-, utviklings- og veileidingstilbod til landbruket og til næringslivet elles, som medlemmene etterspør, eller styret bestemmer.

Landbruk Nordvest BA skal etterstrebe høg kvalitet, god tilgjenge og kostnadseffektivitet i all si verksemd. Laget sitt hovudnedslagsfelt er Møre og Romsdal.

§ 3: Medlemskap og andelar.

Alle som driv med landbruksrelatert verksemd kan vere medlemmer i Landbruk Nordvest.

Dette gjeld både føretak og enkeltpersonar. Laget kan og ha støttemedlemar, men desse kan ikkje ha verv i laget, og har heller ikkje stemmerett. Kvar eining teiknar seg for ein andel på kr 500.-. Andelar kan overførast til ny brukar på same eigedom.

Laget skal føre register over andelseigarane. Nytt medlem får rettar og plikter i laget frå den dagen dei er innført i andelseigarregisteret.

§ 4: Rettar og plikter.

Medlemmane har rett til råd og tenester best mogeleg tilpassa deira behov. Medlemmane må til ei kvar tid rette seg etter styrets vedtak, offentlege lover og vedtak som gjeld for dei ytingar som blir utført av Landbruk Nordvest. Medlemmane pliktar å betale kontingent og andre krav til fastsett tid.

Laget skal gje medlemmene informasjon og rettleiing om gjeldande lover og forskrifter for helse-, miljø- og sikkerheit. Laget skal ha oversikt over krav som er særleg viktige for verksemda.

Kvart medlem har ansvar for at arbeidsmiljøet på bruket er i samsvar med gjeldande reglar i Arbeidsmiljølova, og har plikt til å gi informasjon og opplæring til personell frå laget som utfører oppdrag der, etter Arbeidsmiljølova sine krav i høve forskrift om Internkontroll og HMS.

§ 5: Utmelding, eksklusjon

Medlemskapen følgjer kalenderåret. Utmelding skal skje skriftleg til laget seinast 3.mnd. før utgangen av året. Medlemar som bryt vedtektene kan styret tvangsutmelde med 2 mnd. varsel. Styret kan og setje fram krav om erstatning for dei tap laget er påført. Endeleg vedtak om tvangsutmelding blir vedteke av styret etter at medlemmen har fått høve til å uttale seg. Styrevedtaket kan klagast inn til årsmøtet.

Ved utmelding har medlemmen krav på å få tilbakebetalt andelsinnskotet viss lagets økonomi gjev rom for dette. Det kan ikkje stillast krav om del av lagets midlar

§ 6: Årsmøtet

Årsmøtet er lagets høgaste organ og skal haldast kvart år innan utgangen av april. Innkalling til årsmøte skal skje minst 14 dagar før årsmøtet. Saker til årsmøtet må vere meldt til styret seinast 4 veker før årsmøtet. Ekstraordinært årsmøte kan innkallast dersom styret eller 1/3 av medlemmene finn det naudsynt, etter same reglar som ordinært årsmøte. Det skal først protokoll frå årsmøtet. Protokollen skal underskrivast av to medlemmer valde av årsmøtet saman med møteleiar.

Årsmøtet skal:

1. Godkjenne innkalling og sakliste
2. Velje referent og 2 medlemar til å skrive under møteboka saman med møteleiar.
3. Handsame årsmelding og revidert regnskap.
4. Fastsetje kontingentsatsar inneverande år.
5. Få framlagt styret sitt budsjett og arbeidsplan for inneverande år.
6. Handsame saker som er nemnde i innkallinga.
7. Halde val som er førebudd av valnemnda i følgje valnemndinstruksen:
 - a. Val av styreleiar for 1 år
 - b. Val av 2 styremedlemar for 2 år.
 - c. Val av nestleiar for 1 år mellom styremedlemane
 - d. Val av 2 varamedlemar til styret i nummerorden for 1 år
 - e. Val av leiar, nestleiar (for 1 år) og 1 medlem (for 3 år) i valnemnda.
 - f. Val av 3 personlege varamedlemar i valnemnda for 1 år.
 - g. Val av møteleiar med varamedlem for neste år.
 - h. Årsmøtet vel revisor for eit år om gongen etter forslag frå styret.

Alle personval under punkt 7 a – c skal vere skriftlege. Andre val blir skriftlege dersom nokon krev det. Årsmøtet vedtek instruks for valkomiteen.

8. Handsame innkomne saker. Desse må være sendt styret seinast ein måned før årsmøtet vert halde.
9. Fastsetje godtgjersle til tillitsvalde etter innstilling frå valkomiteen.

- a) Utsendingar valde på medlemsmøta, leiar, styremedlemar og valkomiteen møter på årsmøte. Valde utsendingar har stemmerett. Styret har stemmerett i alle saker unnateke godkjenning av årsmelding og rekneskap. Kvar person har ei stemme.
- b) Når ikkje anna er bestemt, blir sakene avgjort med alminneleg fleirtal av dei frammøtte.

§7: Medlemsmøte

- a) Medlemsmøte blir halde før kvart årsmøte, både ordinære og ekstraordinære. Medlemsmøte kan òg haldast til andre tider når styret finn det nødvendig, eller når minst 1/3 av medlemane krev det.
- b) Medlemsmøta skal haldast i naturleg avgrensa geografiske område. På møta skal ein styremedlem og ein tilsett vere ansvarlege for gjennomføringa.
- c) Alle årsmøtesaker skal presenterast på medlemsmøta. Kvart medlemsmøte vel 1 utsending som skal representere sitt område i årsmøtet og 1 varautsending for 1 år med unntak av Fræna/Aukra/Sandøy og Ørsta/Volda som kvar vel 2 utsendingar og 2 varautsendingar.
- d) Ved avstemmingar har kvart medlemsbruk inntil 2 stemmer som kan nyttast ved personleg frammøte. Sakene blir avgjorde med alminneleg fleirtal av dei frammøtte.
- e) Det skal førast protokoll på medlemsmøta.

§8: Styret

Dei to første åra skal laget leiast av eit styre som består av ein frå kvart av dei fusjonerande laga med personleg vara, og to frå dei tilsette valt av og mellom dei tilsette.

Etter dette blir laget leia av eit styre på 7 medlemar. To av styremedlemene skal vere tilsette (ein frå avdeling rådgjeving og ein frå avdeling tenester/avløysarane) som blir oppnemnt av og mellom dei tilsette. Dei tilsette sine representantar kan ikkje veljast som styreleiar eller nestleiar. Årsmøtet vel først leiar for eit år om gongen ved skriftleg val. Dei andre styremedlemene skal veljast for to år om gongen ved skriftleg val. Varamedlemar blir valde for eit år om gongen. Styremedlemar eller leiar som har vore samanhengande i styret i seks år eller meir, kan ikkje bli attvalt utan motkandidat.

§ 9: Styreoppgåver og plikter

Styret skal leia laget si verksemd i samsvar med vedtektene og vedtak gjort i årsmøtet. Styret er ansvarleg for at heile laget si verksemd blir utført på ein forsvarleg måte.

- a) Styremøte blir halde så ofte som styret finn det nødvendig. Styret blir samankalla av leiaren.
- b) Styret er vedtaksdyktig når minst halve styret er til stades. Ved stemmelikskap har fungerande leiar dobbeltstemme.
- c) Det skal førast protokoll på styremøta.
- d) Styret tilset dagleg leiar gjer avtale om lønn og utarbeider instruks. Styret er næraste overordna til dagleg leiar.
- e) Styret skal kvart år i samråd med dagleg leiar og fagansvarlege fastsette ei plan for verksemda.
- f) Styret skal kvart år legge fram for medlemsmøta og årsmøtet melding om verksemda, revidert rekneskap for siste driftsår og forslag til budsjett og arbeidsplan for neste år.
- g) Styret har ansvar for at laget blir drive i samsvar med offentlege lover og forskrifter.
- h) Medlemsorganisasjonar som ynskjer å gå inn i laget blir tilbydd ein observatørplass i styret utan stemmerett, men med møte og talerett i fusjonsåret.

Laget blir forplikta ved underskrifter av dagleg leiar og styreleiar.
Styret kan meddele prokura.

§ 10: Valkomité

Laget skal ha en valkomité på 3 medlemmer med 3 personlege varamedlemar. Vala gjeld for 3 år, unnateke vara som er for 1 år. Kvart år går 1 medlem ut, første gong etter loddtrekning. Leiar og nestleiar blir valte på årsmøte for eitt år om gongen. Medlemar kan ikkje gjenveljast.

Valkomiteen skal foreslå kandidatar til alle val som skal haldast på årsmøtet, unnateke revisor. Revisor skal veljast etter innstilling frå styret. Valkomiteen skal innstille på godtgjersle til dei tillitsvalde. Årsmøtet skal fastsetje instruks for valkomiteen.

§ 11: Tvistar

Tvistar mellom laget og medlemane skal så langt råd er løysast gjennom forhandlingar. Viss tvisten ikkje kan løysast på denne måten, skal tvisten bli avgjort i ein voldgiftsrett der kvar part oppnemner sin representant. Sorenskrivaren oppnemner den tredje som blir rettens leiar. Voldgiftsdomstolen avgjer òg sakskostnadsfordelinga. Syner elles til lov om voldgift av 14. Mai 2004 Nr 25.

§ 12: Vedtektsendring

Endring av laget sine vedtekter kan berre gjerast av årsmøtet. Det skal stå i innkallinga til årsmøtet kva endringa gjeld. Til gyldig vedtak blir kravd 2/3 fleirtal av dei frammøtte med stemmerett.

§ 13: Fusjon

Utviding av verksemda til Landbruk Nordvest BA gjennom fusjon kan vedtakast av årsmøtet. Vedtak om fusjon krev minst 2/3 fleirtal av dei frammøtte med stemmerett.

§ 14: Oppløysing

- a) Forslag om oppløysing skal behandlast og vedtakast av to på kvarandre følgjande årsmøte. Når forslag om dette føreligg, skal den institusjonen som fordeler statstilskotta til laget varslast. Laget kan ikkje i noko tilfelle oppløysast før kalenderåret er omme.
- b) Vedtak om oppløysing krev minst 2/3 fleirtal av dei frammøtte med stemmerett.
- c) Årsmøtet avgjer i tilfelle oppløysing eller fusjon korleis midlane til laget skal disponerast.
- d) Årsmøtet oppnemner eit avviklingsstyre.

Vedtektene er vedtekne på årsmøte 31. mars 2009.

Vedtekne med endring i § 1 på årsmøte 14. april 2010.

Vedtekne med endring i § 6 pkt. 4, § 7 pkt. c og § 8 på årsmøtet 2011.